

Tilstandsrapport - mal og kjenneteikn på gode rapportar

Den årlege tilstandsrapporten har som mål å bidra til større merksemd om kvaliteten på opplæringa.

ARTIKKEL

SIST ENDRET: 20.10.2021

Rapporten er meint å vere eit utgangspunkt for dialog, drøfting og planlegging av arbeidet med kvalitetsutvikling i kommunane og fylkeskommunane.

Kva er ein tilstandsrapport?

Innlogging

[Mal for tilstandsrapport - grunnskole](#)

[Mal for tilstandsrapport - videregående skole](#)

Ein tilstandsrapport inneheld vanlegvis både tall og forteljingar. Innhaldet skal vere ei analyse av tilstanden og vise korleis skoleeigar vurderer opplæringa på områda læringsmiljø, elevresultat og gjennomføring/fråfall.

Rapporten skal inngå i det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigar og leggje grunnlaget for vedtak om prioriteringar og tiltak.

Rapporten skal drøftast i kommunestyret, på fylkestinget og i styret ved private skolar.

Rapporten er eigendomen til skoleeigar, og er ikkje del i eit rapporteringskjede. Mange kommunar kallar rapporten for kvalitetsmelding for betre å få fram kva dokumentet skal bidra til.

I arbeidet med dei nye læreplanane og desentralisert ordning kan tilstandsrapporten gi støtte gjennom å lyfte problemstillingar til politisk leing og synleggjere behovet for prioriteringar og tiltak.

Mal for tilstandsrapporten

Vi har laga ein mal som er frivillig å bruke. Føremålet med malen er at det skal vere lett å finne relevante tal og data. Det er meininga at de skal redigere i dokumentet som blir generert, og at de bruker valmoglegheitene i malen slik at han blir eit godt verktøy lokalt.

Bruk av tall og data i skolens kvalitetsarbeid

Du kan lese meir om kva for informasjon du finn i malen:

For grunnskole	For videregående
<ul style="list-style-type: none">• Forside• Elever og lærere• Læringsmiljø• Nasjonale prøver 5. trinn• Nasjonale prøver ungdomstrinn• Karakterer og grunnskolepoeng• Skolebidrag• Gjennomføring	<ul style="list-style-type: none">• Forside• Elever og lærere• Læringsmiljø• Karakter• Fag- og sveinebrev• Skolebidrag• Gjennomføring og overgang• Gjennomføring av læretiden

Kjenneteikn ved gode tilstandsrapportar

Ein årleg tilstandsrapport som gir godt grunnlag for skoleutvikling, har desse kjenneteikna.

Tilstandsrapporten

- er forankra hos politikarane, utdanningsadministrasjonen og skoleleiinga i kommunen og fylkeskommunen
- er resultatet av ein felles prosess
- analyserer resultata frå skolane i lys av lokale føresetnader. I innleiinga til rapporten kan særtekkja ved kommunen, kommenterast for å setje resultata inn i ein kontekst
- gir gode og utfyllande vurderingar av resultata ved skolane
- legg fram data og informasjon på ein lettfatteleg og forståeleg måte
- formulerer mål og tiltak som er funderte i lokale føresetnader, eller viser til andre planar i kommunen/fylkeskommunen der det er utforma mål og tiltak som er relevante for rapporten
- argumenterer for kva som er relevante tiltak ut frå resultata som ligg føre, og ut frå forsking og faglitteratur på områda
- konkretiserer og prioriterer tiltak, slik at det blir lettare å behandle rapporten politisk og følgje han opp etter at vedtak er gjorde i kommunestyret/fylkestinget

Opplæringsloven § 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling